



HLM Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/951 - 19/25226

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.08.2019

Igangsetjingsløyve(1) for grunnarbeidet - gbnr 137/821 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 468/19

Tiltakshavar: Lindås kommune ved eigedomsavdelinga
Ansvarleg søkjar: HLM Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og grunnarbeid i BOP3 i samsvar med rammeløyve gitt i vedtak datert 19.07.2019.

Det er opplyst i søknaden at tiltaket ikkje omfattar mur mellom SGS2 og SGS5, som først vil bli søkt igangsett når omsøkte endring av områdeplanen, jf. arkivsak 19/1965, er godkjend, og vass- og avløpsanlegget som vil bli søkt igangsett i eigen søknad. Ansvarleg søkjar opplyser også at omsøkt arbeid utanfor BOP3 berre vil skje internt på området og at arbeidet ikkje vil medføra transport inn og ut av området via fv. 565, før kryss mellom o_SKV1 og o_SKV3 er ferdigstilt.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.08.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.08.2019 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Det er i føresegn 4.1.8 i områdereguleringsplanen sett krav om at kryss mellom o_SKV1 (fv.565) og o_SKV3, skal vera ferdigstilt og godkjent for offentleg overtaking før det kan gjevast igangsetjingsløyve for sjølve bygga i o_BOP3, og at det ikkje kan gjevast igangsetjingsløyve til grunnarbeid i o_BOP3 før nytt køyremønster og venstresvingefelt i kryss mellom o_SKV1 og o_SKV3 er etablert.



Kommunen vurderer at igangsetjingsløyve kan gjevast på vilkår av at:

- det ikkje skal føregå transport inn og ut av området via fv. 565, før kryss mellom o_SKV1 (fv. 565) og o_SKV3 er opparbeidd slik det går fram av føresegn 4.1.8
- grunnarbeidet i BOP3 berre omfattar avgraving av jordmassar, jf. skriv frå Statens vegvesen datert 15.05.2019 som gjeld transport av jordmassar som skal deponerast på gbnr 137/7.

Det vert samstundes gjort merksam på at transport inn og ut av området via godkjend mellombels anleggsveg i traseen til SGS3, berre kan nyttast til uttransportering av jordmassar som skal førast til jorddeponi på gbnr 137/7.

Det går fram av saksutgreiing og vurdering i rammeløyvet at det ikkje skal gjevast igangsetjingsløyve for etablering av SGS4 før endeleg avklaring av plassering er avklart i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, som er under arbeid, og grunneigaravtale ligg føre. Igangsetjingsløyvet vil såleis ikkje omfatta etablering av SGS4.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn. Ansvarsrettar går fram av gjennomføringsplan datert 08.08.2019.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetjing av veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og grunnarbeid i BOP3 på følgjande vilkår:

- **Rammeløyve datert 19.07.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- **Grunnarbeidet innanfor BOP3 skal berre omfatta avgraving av jordmassar.**
- **Det kan ikkje transporterast massar inn og ut av området via fv 565 før kryss mellom o_SKV1 (fv. 565) og o_SKV3 er opparbeidd i samsvar med rekkefølgekravet i føresegn 4.1.8.**
- **Det kan berre transporterast ut jordmassar som skal til massedeponi på gbnr 137/7, via mellombels anleggsveg som er etablert i traseen til SGS3.**
- **Etablering av SGS4 skal skje når endeleg plassering er avklart i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, og grunneigaravtale ligg føre.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/951

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

HLM Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
Lindås kommune ved egedomsavdelinga	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Lindås kommune ved egedomsavdelinga	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Liv Unneland	Alverflaten 278	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

HLM Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
-------------------	------------------	------	--------